

# Regional plan for psykisk helsevern 2020-2024 i Helse Vest

## Handlingsplan

### Dei viktigaste premissa for planarbeidet:

- Planen skal vere komplementær til oppdragsdokumentet
- Planen skal gje føring for prioritering mellom oppgåver
- Planen skal konkretisere tiltaka med tidsfrist og ansvar

### Målsetting med og målgruppe for handlingsplanen:

- Planen skal vere retningsgivande for utvikling av tenestene innan psykisk helsevern i helseføretaka og dei private aktørane innan psykisk helsevern i regionen
- Helseføretaka og dei private skal følgje opp tiltaka i eige planarbeid og i dei årlege budsjettprosessane
- Helseføretaka og dei private skal rapportere på tiltaka i handlingsplanen
- Målgruppa for handlingsplanen er leiarar på alle nivå innan psykisk helsevern

### Tiltaka i handlingsplanen skal sikre:

- tidleg avklaring og tidleg hjelp for pasientane
- medverknad, val og frivilligheit for pasientane
- gode pasientforløp
- høgast prioritet til barn og unge
- at tenestene tek i bruk og utviklar nye arenaer for tenesteyting

### Tiltak i handlingsplanen:

	<b>Tiltak</b>	<b>Ansvar</b>	<b>Frist</b>
	Felles mottak av tilvisingar til psykisk helsevern innan kvart sjukehus- eller DPS område	Lokalt helseføretak	Medio 2021
	Revidere samarbeidsavtalar mellom lokalt helseføretak og alle private aktørar innan psykisk helsevern	Lokalt helseføretak	Medio 2021
	Utvikle samhandlingsforløp for barn og unge, etter modell av «Barn og unges helseteneste» i Helse Fonna	Lokalt helseføretak. Arbeidet er sett i gang i dei andre føretaka med bistand frå Helse Fonna. Helse Vest bidrar med regional koordinering og prosjektstøtte	Ferdigstilt 2021

Alle poliklinikkane for barn og unge skal ha samarbeidsordningar med kommunane for konsultasjon og gjensidig rettleiing, slik at barn og unge og familien deira får hjelp på rett stad.	Lokalt helseføretak. Dette er et sentralt tiltak som også må ses i samanheng med Nasjonal helse- og sjukehusplan, Oppdragsdokumentet 2020 og Helsedirektoratets arbeid med rettleiar knytt til samarbeid og samhandling. Det heng også saman med «Barn og unges helseteneste»	2020
Sikre at pakkeforløp blir innført og følgt opp	Lokalt og regionalt helseføretak. Arbeidet går føre seg og blir følgt opp med jamleg kontakt med helseføretaka og private ideelle. Det går også føre seg nasjonal evaluering. Den regionale implementeringsgruppa har jamleg møte og utvekslar erfaringar så lengje det er behov for det.	2020
Utvikle fleire arbeidsretta tiltak som del av behandlingstilbodet, og ha særskilt merksemd på meistring for barn og unge i skule og arbeid	Lokalt helseføretak Følgje utvikling m.a. ved bruk av regional registreringsrutine for arbeidsretta behandling, og utvikle tilbod om arbeidsretta behandling der det ikkje er utvikla.	2020
Vidare utbreiing av eMeistring i regionen og til nye pasientgrupper, samt legge til rette for å ta i bruk videokonsultasjonar	Lokalt og regionalt helseføretak Det er etablert eit eige prosjekt for utbreiing av eMeistring i alle føretak. Bruk av videokonsultasjonar er under utprøving i alle føretaksområda .	2021
Alle helseføretak bør tilby eit breitt behandlingstilbod til pasientar med psykoselidingar, jf. piloten i Helse Bergen om medikamentfri behandling.	Lokalt og regionalt helseføretak Helse Vest og Helse Bergen bidreg med erfaringsoverføring til alle helseføretak, og det blir gjennomført ein kartlegging i alle DPS av behandlingstilbodet til pasientar med psykoselidingar. Rapporten frå piloten i Bergen blir lagt til grunn for vidare tiltak	2021
Vidareutvikling av sikkerheitspsykiatrien i Helse Vest, herunder dimensjonering, samarbeid og kompetanseheving	Regionalt og lokalt helseføretak Helse Vest leiar arbeidet, helseføretak, regionalt brukarutval og konserntillitsvalt bidreg i arbeidet.	2021
Auke andel epikriser sendt ut innen 1 dag etter utskrivingsdato frå døgnbehandling	Lokalt helseføretak	2020-2021

	Bruk av og førekomst av tentative timar skal bli redusert	Lokalt helseføretak	2020-2021
	Reinnleggingar innan dag 5 skal reduserast	Lokalt helseføretak	2020-2021

Det blir føreteke ein årleg revisjon av kva tiltak som bør følgjast særskilt.

Vedlegg til handlingsplanen:

- Alle tiltak frå regional plan